



SAKSUTSKRIFT

Arkivsak-dok.
Sakshandsamar

19/00076-66
Berit Marie Galaaen

KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL VOSS HERAD 2020-2032-NY HØYRING OG OFFENTLEG ETTERSYN

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet, Plan og økonomi 2019 - 2023	11.06.2020	71/20

Møtehandsaming

David Inge Tveito, Høgre, bad om habilitetsvurdering pga. grunneigar og eigarinteresser til innspel. Vurdering frå Rådmann:

Då David Inge Tveito har fleire innspel og større interesser, samt at han kan ha «særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til» vert han vurdert ugild.

Formannskapet fann David Inge Tveito, Høgre, samrøystes ugild i saka.

Arnfinn Gjerdåker, SV, bad om habilitetsvurdering då han hadde hatt eit innspel under høyringsrunden til planen. Innspelet er ikkje del av planen.

Vurdering frå Rådmann:

Då Arnfinn Gjerdåker ikkje lenger har innspel, slik at han kan ha «særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til» vert han vurdert gild.

Formannskapet fann Arnfinn Gjerdåker, SV, vart samrøystes funne gild i saka.

Framlegg frå Iril S. Johansen, Høgre:

1. Krav om bakgrunnsareal i samband med bygging av hytter og etablering av campingplassar fell vekk.
2. Ideskisse til nytt konsept:
 - a. Voss herad bør setja av eit areal til etablering av eit byggjefelt eller ein mini-landsby for minihus. Ein del av parsellane eller tomtene kan vera berekna på stasjonære mini-hus, ein del kan vera for flyttbare minihus. Det går og an å ha nokre parsellar til langtidsplassering av campingvogner. Alle tomter eller parsellar må vera tilkopla vatn, avløp og elektrisitet.
 - b. Definisjonen på minihus: Mindre enn 46 m² å bu på. Dette krev effektiv arealutnytting, men er ein meir berekraftig buform enn tradisjonelle hus.
 - c. Husa vert rimelegare enn tradisjonelle bustader, og krev mindre energi.
 - d. Som eit sentrum i mini-landsbyen kan det byggjast eit felles samlingslokale, i tillegg til at det kan vera høve til å leiga bodplass til sportsutstyr og anna. Eit vaskeri for sjølvbetjening er det og mogleg å ha der. Treningsmoglegheiter ute og inne. Her er det berre fantasien som set grenser.
 - e. Tomtene eller parsellane kan vera delt inn i to hovudområde, der dei på det eine kan leigast for kortare eller lengre tid, og på det andre vera berekna på sal/sjølvveige.
 - f. Voss herad har mange sesongarbeidarar innan reiseliv, og mange innbyggjarar som prioriterer utandørs aktiviteter og ein aktiv livsstil. Me har og mange unge i etableringsfase. Desse kan vera nokre av gruppene minihus-konseptet kan marknadsførast inn mot.

- g. Minihus fell ofte litt mellom to stolar når det gjeld reguleringsplanar. Her kan Voss verta ein føregangskommune, ved å setja av eit område spesifikt til dette føremålet.

Semje om at innspela føl saka vidare.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Voss herad 2020-2032 lagt ut til andre gangs offentleg ettersyn og høyring.

Høyringsfrist vert sett til 1. september 2020.

Saksframlegg

I medhald av plan- og bygningslova § 11-14 vert framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Voss herad 2020-2032 lagt ut til andre gangs offentleg ettersyn og høyring.

Høyringsfrist vert sett til 1. september 2020.

Vedlegg:

- 1 Planomtale arealdel 2020-2032_revidert 28.05.20
- 2 Føresegner arealdel 2020-2032_revidert 28.05.20
- 3a Kommuneplankart_ Evanger
- 3b Kommuneplankart_ Vangen
- 3c Kommuneplankart_ Raundalen
- 3d Kommuneplankart_ Vinje
- 3e Kommuneplankart_ Granvin
- 4a Kommuneplankart_ Evanger med omsynssoner
- 4b Kommuneplankart_ Vangen med omsynssoner
- 4c Kommuneplankart_ Raundalen med omsynssoner
- 4d Kommuneplankart_ Vinje med omsynssoner
- 4e Kommuneplankart_ Granvin med omsynssoner
- 5 Tegnforklaring plankart
- 6 Vedlegg arealdel_revidert 28.05.20
- 7 Merknadsskjema arealdel_offentleg ettersyn
- 8a Innspel_offentlege instansar_samla_nr. 1-13
- 8b Innspel_verksemder, lag og organisasjonar_samla_nr.14-24
- 8c Innspel_private_samla_nr. 25-44
- 8d Innspel_private_samla_nr. 45-63
- 9 Massedeponi samla
- 10 Diff. forvaltning-redigert
- 11 Vedlegg til arealdelen_oppdaterert før utsending_2019

Samandrag:

Arbeidet med ny kommuneplan for Voss herad starta i november 2017. Utarbeiding av felles kommuneplan var eit viktig prosjekt for Fellesnemda for kommunesamanslåinga mellom Voss kommune og Granvin herad 2020. Delar av Ullensvang herad (Oksenhalvøya) vart og innlemma etter kvart. Forslag til kommuneplan for Voss herad 2020 – 2030, både samfunnsdel og arealdel, vart behandla i Fellesnemda i september 2019 og låg ute til høyring og offentleg ettersyn ut desember 2019.

Det kom inn 61 innspel i samband med høyringa. Dei fleste innspela gjekk på arealdelen av planen. Det var få innspel til samfunnsdelen og lite behov for endringar. Heradsstyret godkjente 7.mai 2020 i sak 48/20 kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealdelen skal fylgja opp mål og føringar i samfunnsdelen, så det er positivt at samfunnsdelen no er vedtatt. Arealdelen er eit viktig verktøy for å leggja til rette for ei langsiktig arealforvaltning for å nå måla i samfunnsdelen.

For å følgje opp innspel og varsel om motsegn til arealdelen, har det vore behov for å gjera ein del endringar. Det er gjort både strukturelle og meir inngåande endringar og suppleringar som gjer at arealplanen no vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn. Viktige tema for suppleringar og endringar er: Senterstruktur, «levande grender», kyst-/strandsoneforvaltning og arealbruk på Bømoen. Føresegner er supplert og planmaterialet er gitt ny struktur.

Rådmannen rår til at nytt forslag til arealdelen av kommuneplanen vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn.

Saksopplysningar:

Planprosessen

- 01.11.2017 Kommuneplanarbeidet starta
- 01.01.2018 Oppstart kunngjort og varsla
- 16.03.2018 Vedtak av planprogram, Fellesnemda Voss-Granvin sak 7/18
- 07.05.2018 Høyringsfrist oppstart, 200 innspel kom inn ved oppstart
- 14.09.2018 Vedtak arealstrategi, Fellesnemda Voss-Granvin sak 11/18
- 26.03.2019 Planforum, Hordaland fylkeskommune
- 19.09.2019 Vedtak om offentlig ettersyn, Fellesnemda Voss-Granvin sak 35/19
- nov-des 2019 Opne informasjonsmøte om kommuneplanen
- 20.12.2019 Høyringsfrist fyrste gong offentlig ettersyn, 61 innspel kom inn
- 01.01.2020 Arbeid med arealdelen av kommuneplanen vart overført til planavdelinga
- 24.01.2020 Arbeidsmøte med Fylkesmannen i Vestland
- feb-apr 2020 Dialog med Statens vegvesen og NVE
- mars 2020 Dialog med Forsvarsbygg
- 02.03.2020 Statusnotat til FPL i møte
- 14.02.2020 Dialogmøte med Vestland fylkeskommune
- 28.04.2020 Dialogmøte med Fylkesmannen i Vestland

Bakgrunn

Stortinget vedtok 8. juni 2017 å slå saman kommunane Voss og Granvin. Arbeidet med å etablera ein ny kommune starta sommaren 2017 – med mål om å etablera nye Voss herad 1.1.2020. I april 2018 vart krinsane Djønno og Tjøflot i Ullensvang herad, ein del av den nye kommunen.

Planarbeidet har vore politisk forankra i Fellesnemnda for Voss og Granvin. Undervegs er det gitt løypemeldingar i tre felles heradsstyremøte, i Fellesnemnda og i eit felles formannskapsmøte. Det vart halde fire folkemøte i samband med at planen vart lagt ut til offentlig ettersyn – på Evanger, på Sundve, i Granvin og i Voss sentrum.

Arbeidet med arealdelen vart frå 2020 tatt over av planavdelinga i kommunen. Det er nyttig å sjå den overordna arealdelen av kommuneplanen opp mot all anna arealforvaltning kommunen har hand om gjennom område- og detaljreguleringsplanar.

Arealdelen skal vera eit overordna og langsiktig styringsdokument som skal gje føringar for mange år framover. Planen skal leggja føringar for å nå felles visjon og mål, og sikra kommunen sine interesser innanfor rammene av nasjonale og regionale mål og føringar. Voss herad har lagt FN sine berekraftsmål til grunn, og visjonen er å få eit sterkt regionsenter med levande bygder. Planen skal gjelda for tolv år framover. Det er viktig at han på eine sida trekkjer opp dei lange linene, samstundes med at han på andre sida er konkret nok til at det kan skje ei kontinuerleg utvikling i rett retning. Samspel mellom samfunnsdel, arealdel, planstrategi og økonomiplan vert viktig i vidare arbeid.

Kommuneplanen sin arealdel viser noverande og framtidig arealbruk i kommunen, og er saman med føresegnene rettsleg bindande, jf. PBL § 11-6. Det er i tillegg utarbeidd diverse retningslinjer som saman med planomtalen er retningsgjevande for sakshandsaminga i kommunen.

Mål for planen

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder

Vidare har samfunnsdelen trekt opp tre strategiar for den nye kommunen;

«attraktive Voss – bygd for sterke opplevingar»

«innovative Voss – med røter og vengjer»

«inkluderande Voss – bygd for alle»

Sentralt står prinsipp om berekraft og FN sine berekraftsmål. Kommuneplanen sin arealdel skal byggja vidare på dei tre dimensjonane som krevst i ei berekraftig utvikling: Klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Miljømessig berekraft er spesielt viktig for arealdelen av kommuneplanen. Arealplanen må ha ei tilnærming til ny arealbruk som er basert på naturen sine premisser. Alle avgjerder om lokalisering og utforming av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester påverkar energiforbruket og utslepp i lang tid framover. For å møte overgangen til lågutsleppsamfunnet må ein leggja stor vekt på effektiv arealbruk og på å samordna arealbruken og transportsystemet.

Arealstrategi

Gjennom arbeidet med kommuneplanen vart det trekt opp ein ny arealstrategi som skal vere retningsgjevande for arealbruken i den nye kommunen. Hovudmålet med strategien er at Voss herad ynskjer ein arealbruk som er berekraftig, transporteffektiv og i tråd med ei føreseieleg utvikling. Strategien omfattar: bustader, fritidsbustader, næring og offentlege føremål.


Arealstrategien går ut på å leggja til rette for nye bustadområde i eller tett på senterstrukturen. Vidare skal om lag 70% av framtidig vekst knytast til regionsenteret og 30% til lokal- og nærsentra. Samtidig ynskjer heradet å oppretthalda busetnaden i bygdene. Utanfor senterområda ynskjer ein difor å opne opp for einskildtomter, for å sikra vedlikehaldsvekst og livskraftige grender også i framtida.

Folkevekst og bustadutvikling

Folkevekst og bustadutvikling har vore viktige fokusområde for planarbeidet. I følge SSB sitt tal for middel vekst for 2018-31 vil Voss få om lag 800 fleire innbyggjarar ved utgangen av planperioden. Det ligg til grunn ei bustadanalyse som kunnskapsgrunnlag for å kunna forma ein bustadstrategi i kommuneplanperioden. Folketalet i Voss sentrum veks, og bustadutviklinga bør i sterkast grad skje her. Dette er det tatt høgde for i ny områdereguleringsplan for Vossevangen. Kommuneplanen sin arealdel viser til områdereguleringsplanen for Vossevangen med tanke på å imøtekomma vekst og utvikling for å styrkja regionsenteret. Områdeplanen tek høgde for større vekst som følgje av ny veg og bane til Bergen (K5). Kommuneplanen sin arealdel gir føringar for vedlikehaldsvekst i grendene, og legg til rette for målet om å utvikla levande grender. Saman med bustadreserve som er avsett i kommuneplanen gjennom tidlegare rulleringar, er vekst og utvikling for den komande kommuneplanperioden sikra.

Senterstruktur

Senterstrukturen har vore eit anna viktig fokusområde i planen. Eit viktig steg vidare i ei berekraftig utvikling er at Voss herad må stå fram som ein attraktiv kommune, ikkje berre gjennom regionsenteret Vossevangen, men også gjennom lokal- og nærsentra. Tidlegare har ikkje dei ulike sentra vore definert i plankartet. I 2015 vart det trekt opp ei ytre sentrumsgrense for regionsenteret Vossevangen. Denne grensa vert ikkje endra, men den nye områdereguleringsplanen definerar i tillegg ei indre sentrumssone for Vossevangen. Lokal- og nærsentra er avgrensa og avsett i plankartet no. Sentrum i Granvin har hatt den største endringa, frå kommunesenter til lokalsenter. Det er knytt føresegnar og retningslinjer til utvikling av senterstrukturen. Desse byggjer på «Regional plan for attraktive senter».



Illustrasjon som viser indre sentrumsavgrænsing som er omfatta av områdereguleringsplan for Vossevangen, og ytre sentrumsavgrænsing vidareført frå kommuneplanen 2015-2026.

Levande bygder

Levande bygder er ein viktig del av visjonen for Voss herad. Målet om å ta heile kommunen i bruk har vore fremja frå starten av, og det vart framheva i vedtaket til arealstrategien. Det har vore utfordrande å finna ut korleis ein best kan løysa dette i planen. Gjennom dialog med fylkesmannen har rådmannen no kome fram til ei løysing som kan opna for nye moglegheiter framover. Men det vil krevja at kommunen fylgjer opp dei tydelege føringane i si forvaltning. Det må vera tett dialog med søkjar frå starten av gjennom førehandskonferanse og god rettleiing.

Det er i gjeldande arealplan for både Voss og Granvin stor reserve av tomter til «spreidd bustadbygging» (SB-liste). Dette er eitt middel til å imøtekoma ynskje om utvikling utanfor senterområda, men områda avsett til spreidd bustadbygging er i liten grad nytta. Desse areala vert ikkje tekne ut av planen, men erfaringa syner at desse områda åleine ikkje vil sikra målet om levande grender. Lokalisering av dei spreidde felt er ikkje alltid i tråd med der folk ynskjer å etabler seg. I revidert forslaget som no vert fremja er det lagt opp til at dispensasjon frå LNF-føremålet i særskilde høve kan gje moglegheit for noko vedlikehaldsvekst i grendene. Det vil gje folk med røter i ulike grender høve til å kunna etablere seg utanfor senterstrukturen.

Fritidsbustader

Voss er ein stor hyttekommune og dei siste tiåra har det vore stort fokus på utvikling av reiselivsdestinasjonane Myrkdalen og Voss resort, i tillegg til andre store hytteutbyggingar. Tomtereserven for fritidshusvære og hytter er framleis stor. Difor har arealstrategien lagt føringar om å ikkje leggja ut nye felt til fritidsbustader på Voss. Granvin og Oksenhalvøya har ikkje hatt tilsvarende utvikling, men også desse kommunane har vore restriktive med å opna for nye hytteområde i denne planperioden.

Camping, bubil, turistbussar

Område for camping, bubilar og turistbussar har vore løfta fram i arbeidet med kommuneplanen. Ulike område / tomter har vore vurdert, men utan å finne eigna areal. Det vil bli jobba vidare med dette innanfor områdeplanen for Vossevangen, då det er ynskjeleg å finna eigna område i sentrum. Areal

utanfor sentrum er og vurdert. Både Tvildemoen og areal ved Melsvatnet kan vera aktuelle og må vurderast nærare.

Klima og klimatilpassing

Klima og klimatilpassing vert sentralt i kommuneplanperioden. Arealplanen må ta høgde for dei utfordringar som kjem med auka sannsyn for ekstremvær, kraftig nedbør, regnflaum, jord-, flau, m- og sørpeskred og stormflo i framtida. Arealplanlegginga må ta høgde for dette med å førebyggja og redusera konsekvensar. Flaumsikring av Vossavassdraget er eit stort og pågåande arbeid. Dei overordna føringane for ei berekraftig utvikling gjennom eit grønt skifte er lagt i kommuneplanen. Energi og klimaplanen for Voss kommune (2018-2021) trekkjer opp strategi og tiltak for å gjennomføra utsleppsreduksjonar og klimatilpassingar.

Arealføremål – nye tiltak i arealdelen

Planforslaget omhandlar arealbruk som opnar for bustader, fritidsbustader, offentleg/privat tenesteyting, fritids- og turistføremål, råstoffutvinning, næring, idrettsanlegg, anna bygningar og anlegg, parkering og grøntstruktur. Viktige interesser og omsyn er sikra gjennom omsynssoner og tilhøyrande føresegner og retningslinjer. For nærare skildring av ny arealbruk sjå *planomtale kap.7*. Kvart einskild tiltak er og vurdert i *vedlegg 6 til saka*.

Bustader	Namn - område	Tal einingar/tiltak	Merknad
B2	Vinje, Draugvollbakkane	3 bueiningar	Plankrav
B8	Ænsmoen	1 bueining	
B9	Haugo, Storehagen	1 bueining	
B12	Bavallsvegen 2	4 bueiningar	Plankrav
B17	Moen	1 bueining	
B18	Flatekvålsvegen 6	1 bueining	
B19	Sivlevegen/Groavegen	Omfang må vurderast i forhold til kvalitet	Plankrav
B26	Hangursvegen	Omfang må vurderast i forhold til kvalitet	Plankrav
B43	Bidne, Framneslie	1 bueining	
B46	Granvin, Øvsthus	Inntil 6 bueiningar	Plankrav

Fritidsbustader	Namn - område	Tal einingar/tiltak	Merknad
F2	Flodvika, Hamlagrø	3 eksisterande	
F9	Kvitno-Bordalen	Inntil 5 nye tomter innanfor eksisterande planområde ved etablering av ZIP-linje	Plankrav
F15	Strindeskleiv, Granvin	Ca. 6 fritidsbustader	Plankrav
F20	Espeland 1	Ca. 6 fritidsbustader	Plankrav

Offentleg/privat tenesteyting	Namn - område	Tiltak	Merknad
OP1	Vinje	Ny brannstasjon	Trafikale forhold og vassdrag.

Fritids- og turistføremål	Namn - område	Tiltak	Merknad
FT1	Bømoen	Camping, reiseliv, overnatting	Plankrav

Råstoffutvinning	Namn - område	Tiltak	Merknad
RU1	Bømoen	Grusuttak	Plankrav

Næring	Namn - område	Tiltak	Merknad
N1	Flisram, Vossestrand	Oppstilling, garasje og lager for køretøy.	Buffersone mot vassdrag.
N2	Breiaset, Vossestrand	Nybygg – snøscooteropplæring.	Omfattar undervisningslokale, varmestove/matrom og toalettfasilitetar.
N6	Gjernes	Næring	Omfattar lagring av Biovirke og produksjon av flis. Plankrav
N13	Kvitno-Bordalen	ZIP-line	Plankrav
N20	Kvåle	Energistasjon	Krav om moglegheitsstudie før detaljregulering.
N21 (KN1)	Bømoen	Kontor og næring	Plankrav

Idrettsanlegg	Namn - område	Tiltak	Merknad
IA1	Björgum	Idrettshall/kombihall	Plankrav
IA2	Bømoen	Idrett/luftsport	Plankrav

Anna bygningar og anlegg	Namn - område	Tiltak	Merknad
AB1	Oppheim	Kommunalt VA-anlegg	Gjeld Oppheim vassverk

Samferdsleanlegg	Namn - område	Tiltak	Merknad
P1	Granvin kyrke	Ca 40 plassar	Plankrav
P2	Reime	5-6 nye	

Andre arealføremål	Namn - område	Tilråding	Område -kart-vurdering-konklusjon
Grøntstruktur, F1 - friområde	Kvåle	Tilrådd	Må tas omsyn til i samband med planlegging av ny energistasjon.

Omsynssoner

Dei viktigaste omsynssonene som ligg inne i planforslaget omfattar:

Sikring av drikkevassressursar (OM120)	Det er avsett ei sikringssone knytt til drikkevassressursen (ca. 250 dekar) på Bømoen som prioriterer grunnvassressursen i området. Grunnvassressursen er reserve drikkevassskjelde for Voss sentrum. Tilgang til nok vatn av god kvalitet er avgjerande for at kommunen i framtida skal kunne vekse og utvikle seg.
Omsynssone vernskog (OM190)	I samband med kartlegging av skredfare på Voss, i Granvin og i Ullensvang i regi av NVE, vart det kartlagt skogareal som utgjer ein viktig faktor for skredfaren. Desse områda er vist som eigen omsynssone vernskog. Det er Fylkesmannen som gjennom eiga forskrift kan fastsetta vernskog jf. Skogbrukslova. Areal som er avsett gjennom omsynssone vernskog i kommuneplankartet, er ikkje verna gjennom eiga forskrift. Areal er likevel lagt inn då kommunen ynskjer informasjon om hogst i desse områda. Hogst kan potensielt auka skredfaren på areal under, og dette er derfor viktig informasjon.
Bømoløypa - omsynssone friluftsliv (OM530)	Bømoløypa har i mange år hatt ein viktig funksjon for friluftsliv, idrett og folkehelse. I vidare planarbeidet er det derfor viktig at dette tilbodet vert teke vare på. Løypetraseen ligg som ei 30 meter brei omsynssone i plankartet. Det er utforma retningslinjer som medfører at trasen kan justerast, men funksjon og kvalitet skal ikkje reduserast.
Omsynssone rundt kunstnarheimar (OM570)	I samband med oppstart av arbeidet med kulturminneplanen har det mellom anna vore fokus på kunstnarheimane. Desse er no sikra med omsynssoner og tilhøyrande retningslinjer.
Sikring av grusressursar (OM590)	Bømoen består av ein regionalt viktig grusførekomst. Det er derfor lagt omsynssone mineralressursar på dei nye utbyggingsområda for næring, og fritids- og turistføremål. Dette betyr at tilhøve knytt til grusressursen skal avklarast nærare i samband med detaljregulering av områda.

I tillegg er ei rekkje omsynssoner knytt til skred, flaum, støy, naturverdiar, kulturminne m.m. vidareført.

Vidareføring av arealføremål i eksisterande arealplanar – tilhøvet til andre planar.

Arealbruk/arealføremål i tidlegare kommuneplanar (arealdelen) for Voss kommune, Granvin herad og «Oksenhalvøya» vert vidareført i ny kommuneplan. Alle gjeldande reguleringsplanar vert og vidareført. Ny planstrategi for 2020-2024 vil peike ut kva planar Voss herad skal arbeide vidare med i den komande planperioden.

Rådmannen si vurdering:

Høyringsinnspel

Det kom 61 skriftlege innspel under høyringa av kommuneplanen. Dei aller fleste var innspel til arealdelen. Innspel til samfunnsdelen vart oppsummert og vurdert i samband med sak om godkjenning av samfunnsdelen, sak 48/20. Frå ulike offentlege instansar har det kome 13 innspel, frå verksemdar, lag og organisasjonar har det kome 11 innspel. Dei resterande 37 innspela kjem frå private personar og aktørar, og omhandlar i hovudsak forslag om ny arealbruk.

Det er laga eit merknadsskjema der alle merknadene er oppsummert og kommentert vedlagt saka, *vedlegg 7*. Alle innspel ligg også vedlagt saka, *vedlegg 8a-d*. Etter høyringsfristen har det kome 2 skriftlege innspel frå private aktørar. Desse ligg også vedlagt og er kommentert i merknadsskjemaet.

Motsegn og varsel om konflikt med viktige nasjonale føringar

Forsvarsbygg kom med motsegn til planen. Dette gjaldt område Raaberget (B44) og Brandset (N10). Dei viste til at Forsvaret sin prosess med å vurdere framleis bruk av Raaberget og området rundt, ikkje var sluttført. Vidare var *Fritids- og turistføremål* (N10) i Brandsetdalen i konflikt med Forsvaret sin aktivitet.

I tillegg varsla både Fylkesmannen og Fylkeskommunen at dei ville fremja motsegn til delar av planen. For begge instansane var viktige nasjonale føringar knytt til statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging eit vesentleg motsegnspunkt til planen. Fylkesmannen trekte i tillegg fram interesser knytt til landbruk, naturverdiar og landskap. Fylkeskommunen hadde vesentlege merknader til senterstrukturen og føresegnene knytt til denne. Dei signaliserte også motsegn på grunn av manglande markering av kulturminneinteresser i plankartet.

Kommentar frå rådmannen:

Motsegn frå **Forsvarsbygg** er imøtekomen og aktuell arealbruk er ikkje vidareført.

Planforslaget er også oppdatert når det gjeld **kulturminne** og Vestland fylkeskommune sine innspel knytt til dette.

På bakgrunn av dialog med fylkeskommune, er det også arbeidd vidare med **senterstrukturen**. Dei sentrale delane av sentrumsområda er lagt inn i kommuneplankartet, med *sentrumsføremål*. Nærsentra Vinje og Bjørgum manglar ein tydeleg sentrums karakter, og er derfor lagt inn med *føremål bygningar og anlegg*. I staden for temakarta som viser eit senteromland, er det utarbeidd retningslinjer som gir føringar for ny bustadbygging knytt opp mot senterstrukturen, jf. punkt 5.2 i føresegnene. Det er også gitt eigne føresegner til dei ulike sentra, som tydeleggjer funksjonar og handel i dei ulike områda, jf. punkt 5.4 i føresegnene. Det er mellom anna stramma inn på moglegheiter for type handel i Skulestadmoen og på Palmafossen, som er lokalsentra tett på Vossevangen. Handel i desse områda vil fort konkurrera med handel i sentrum, og kjem derfor i konflikt med målet om eit sterkt regionsenter. Det er ikkje lenger opna for detaljhandel (utanom daglegvarer) og handel med breitt varesortiment. Dette betyr at butikkar som t.d. Elkjøp og Europris i framtida må etablere seg i regionsenteret. Områdeplanen for Vossevangen legg til rette for denne type handel i området ved Amfi. Moglegheit for handel på Palmafossen og Skulestadmoen er avgrensa til plasskrevjande varer som t.d. byggevarehandel, bilforretningar, interiørbutikkar og hagesenter. I tillegg vert det ikkje opna for nye større etableringar over 3000 m² på Palmafossen. Rådmannen meiner tilhøva knytt til infrastruktur og tilgang på areal tilseier at det ikkje kan opnast for fleire store handelsverksemdar her.

Korleis leggja til rette for **levande grender** utan å koma i konflikt med sterke nasjonale føringar knytt til kompakt og berekraftig utvikling, har vore tema for drøftingar med fylkesmannen. I kommuneplanforslaget som var ute til offentleg ettersyn hausten 2019, låg det inne om lag 50 bustadområde. Av desse var 18 område tilrådd, enten politisk eller administrativt. Mange område utgjorde nokre få tomter i ulike delar av kommunen. Fylkesmannen signaliserte innvendingar mot dei aller fleste forslaga til nye bustadområde. Som ein følgje av dette, er mange av dei mindre bustadområda som tidlegare var tilrådd, tekne ut av kommuneplanen.

I revidert forslag til kommuneplanen sin arealdel ligg det føre retningslinjer for søknad om dispensasjon for frådelling av bustadhus, jf. punkt 9.1.1. På denne måten signaliserer Voss herad at det i visse høve kan opnast for frådelling av bustadhus i LNF-område, for å sikra vedlikehaldsvekst og livskraftige grendalag. Fylkesmannen har ikkje kommentert dette i uttalen sin, men rådmannen opplevde likevel ein aksept i dialogmøtet om å kunna opna for «strøtomter» gjennom dispensasjon, under føresetnad av at viktige nasjonale verdiar ikkje vert rørt.

Det er krav om utfyllande dokumentasjon ved søknad om dispensasjon, som skal gi grunnlag for ei grundig behandling. Landbruksfagleg vurdering frå næringsavdelinga i kommunen, konsekvensar for viktige nasjonale føringar, og lokalisering i forhold til eksisterande infrastruktur og busetnad vil stå sentralt i ei vurdering av søknaden.

Andre føringar frå offentlege instansar

Statens vegvesen har også kome med vesentlege merknader knytt til bustad-, areal, og transportplanlegging til arealbruk utanfor sentrumsområda, sjølv om dei ikkje fremja motsegn til planen.

NVE fremja vesentlege merknader til manglande informasjon knytt til skred og energianlegg i plankartet, og til manglar i KU-vurderingane og ROS-analyse. Innspel om utfyllande ROS og KU er også fremja av fylkesmannen.

Dei andre statlege instansane som Direktoratet for mineralforvaltning, Fiskeridirektoratet og Kystverket mfl. har kome med konkrete innspel knytt til deira interesseområde.

Vik kommune har kome med innspel om å leggja inn trase for ny veg over Vikafjellet i plankartet, og setta av areal til deponering av massar. I tillegg har dei vist til utfordringar knytt til parkering over Vikafjellet, og bedt om at det må setjast av areal til fleire parkeringsplassar langs strekninga.

Villreinnemnda har kome med konkrete innspel til avgrensing av omsynssone som omfattar villreinområde og to nye område i planforslaget.

Kommentar frå rådmannen:

Ny trase over Vikafjellet og areal for deponering av massar er ikkje lagt inn i kommuneplanen slik Vik kommune har innspel om. For å sikra vidare arbeid med denne trasen, må tiltaket prioriterast i nasjonal transportplan. Trase bør også koma som eit innspel frå Statens vegvesen. Når det gjeld massedeponi, er det eit omfattande arbeid å finna eigna areal til dette, og plassering og bruk av massar vil vera eit tema ved utarbeiding av reguleringsplan for ny vegtrase. Rådmannen er samd i at parkeringssituasjon på Vikafjellet er utfordrande på dagar med stor utfart, men det har ikkje vore kapasitet til å sjå nærare på dette i denne omgangen.

Det har elles vore oppfølgjande dialog med NVE vedkomande skred- og flaumfare, og innspel frå dei andre offentlege instansane er søkt imøtekomne i revidert planforslag.

Innspel frå ulike verksemder, lag og organisasjonar

Statnett og BKK har begge peika på det same som NVE, dvs. manglande markering av energianlegg og reguleringsmagasin i plankartet.

Bondelaga på Voss og organisasjonar på Bulken peikar begge på moglegheiter for bustader og utvikling utanfor den fastsette senterstrukturen og levande grender. Bulken ynskjer å verta definert som eit nærsenter.

Aksjonsgruppa for ny veg Nærøydalen-Skulestadmo viser til at det må takast høgde for utviklinga i Myrkdalen ved planlegging av ny veg, og ny trase må ha påkopling mot Rv13.

Lokal- og fylkeslag i naturvernforbundet og norsk ornitologisk foreining har konkrete innspel til føreslått ny arealbruk. Mange av merknadene gjeld nye hytte- og næringsområde i utmark i Granvin.

Nærøyfjorden verdsarvpark saknar omtale av verdsarven, og Stiftinga Bergsliminne viser til behov for å innlemma område rundt kunstnarheimane dersom vernet skal ha effekt.

Granvin IL ynskjer at Kyrkjeteigen framleis skal vera i kommunal eiga.

Invest in Bergen saknar mellom anna avklaringar av Bømoen som framtidig næringsareal.

Kommentar frå rådmannen:

Vekst og utvikling for å styrkja lokal-, nærsentra og dei ulike grendelaga i Voss herad, er eit viktig tema, jf. innspel frå organisasjonar på Bulken. For å få fram ein endå tydlegare senterstruktur som legg til rette for ei ynskjeleg utvikling, bør karakter, innhald og funksjonar i dei ulike sentra studerast nærare i forkant av neste kommuneplanrullering. I samband med kommunesamanslåinga er det oppretta grendeutval som bør vera sentrale i det vidare arbeidet med utvikling av lokal- og nærsentra.

Når det gjeld innspel frå aksjonsgruppa for ny veg Nærøydalen-Skulestadmo, viser rådmannen til pågåande planarbeid med ny kommunedelplan Slæn-Tvinno. Ny trase for E16 og kopling mot Myrkdalen vil verta avklart gjennom dette arbeidet. Tidlegare Voss kommune har, både politisk og administrativt, spelt inn undervegs at påkopling mot Myrkdalen er viktig. I kommuneplanen elles er det ny veg og bane mellom Voss og Bergen som er trekt særskilt fram då dette er eit prosjekt som vil få store ringverknader for Voss si framtidige utvikling.

Det er elles gjort endringar i planen som eit stykke på veg imøtekjem innspela frå ulike lag og interesseorganisasjonar. Når det gjeld Bømoen er det lagt inn næringsareal og areal for fritids- og turistføremål. Dersom ny arealbruk her vert godkjent, vil det opna for ny utvikling gjennom detaljplanlegging.

Innspel frå private partar

Dei aller fleste private innspela omhandlar spørsmål knytt til nye tiltak i planen. Av totalt 39 (inkludert to etter høyringsfristen) gjeld 17 stk. ynskje om å få vidareført innspel som ikkje er tilrådd. 13 av innspela er ynskje om å ta tiltak ut av planen. Mange av desse gjeld foreslått ny hyttebygging i Granvin. Det eine innspelet har lagt ved ein underskriftskampanje med over 250 namn. Resten av innspela frå private gjeld m.a. støy, supplerande informasjon eller forslag, innspel til føreseigner m.m.

Kommentar frå rådmannen:

Fleire private innspel gjeld ynskje om bustadareal. Resultatet av drøftingar med fylkesmannen har ført til ein plan som i liten grad opnar for nye bustadareal, jf. kommentar til innspel frå Fylkesmannen. Nytt bustadareal er knytt til etablert bustadstruktur, og ligg i tilknytning til eksisterande infrastruktur. Det meste av ny bustadutvikling er knytt til Vossevangen, og byggjer opp under mål om eit sterkt regionsenter og ei miljøvenleg og kompakt utbygging, jf. også omtale av ny områdereguleringsplan for Vossevangen.

Vidare er fordelinga i arealstrategien om 70% vekst i regionsenter og 30% vekst knytt til lokal- og nærsenter fylgt opp gjennom ny arealbruk. Rådmannen vil likevel visa til nye retningslinjer knytt til søknad om dispensasjon. Så lenge viktige interesser vert ivaretatt, kan det etter søknad opnast for einskildtomter ute i grendene, for å sikra vedlikehaldsvekst.

Mange har kome med innspel som viser skepsis til ny hyttebygging i Granvin. I fyrste planforslag var det fremja fleire nye område for hytteutbygging. I planforslaget som no vert fremja, er det berre eitt

mindre område ved Strindeskleiv(F15) som er vidareført, og eitt i Espelandsdalen(F20). I dialogmøtet med fylkesmannen vart det peika på viktige landskaps-, natur- og friluftsverdiar i utmarksområdet Tveito-Hausgardane. Dette er verdiar som må dokumenterast nærare før ein eventuelt kan vurdera å opna for ytterlegare hyttebygging i området.

Det har kome innspel til Bømoen, jf. også kommentar over. Konsekvensar av ny arealbruk er godt utgreidd i samband med områdereguleringsplanen for Bømoen, og på bakgrunn av dette er næringsareal og areal til fritids- og turistføremål lagt inn i kommuneplanen. Omfang og tiltak er i tråd med administrativ innstilling og politisk fleirtal i samband med handsaming av område-reguleringsplanen ved offentleg ettersyn, jf. vedtak i kommunestyret, sak 51/17. Det er ikkje opna for ny bustadbygging på Bømoen på grunn av tilstrekkelege bustadreservar knytt til lokalsenteret Palmafossen.

Støy, og særskild støy knytt til flyplassen, er også trekt fram. Både samfunnsdelen og arealdelen er supplert med mål og føringar knytt til støy. Vurdering av støy og forureining vil vera tema i samband med vidare detaljplanarbeid for luftsportsaktivitet og andre nye tiltak på Bømoen.

Ved vurdering av innspel har det vore viktig å ikkje berre sjå på kvart einskild innspel for seg sjølv. Det er viktig å sjå dei i ein heilskap, og opp mot dei overordna måla. Med bakgrunn i dette er ikkje alle innspel imøtekomne. Men rådmannen meiner at planforslaget som vert lagt ut til nytt offentleg ettersyn, vil byggja opp om Voss herad si målsetjing om eit sterkt regionsenter og levande bygder, innanfor rammene av ei berekraftig utvikling.

Rådmannen viser til merknadsskjema for utfyllande informasjon om innhald, og vurderingar knytt til dei ulike innspela.

Vedtak i fellesnemnda ved utlegging til offentleg ettersyn.

Gjennom vedtak i fellesnemnda i september 2019 vart fleire nye tiltak tilrådd. Desse områda har vore med i vurderingane fram mot nytt offentleg ettersyn.

1. Følgjande bustadområde vart tilrådd politisk:

Bustadområde	Kommentar	Nytt framlegg til arealdel
B8 Ænsmoen	1 tomt lengst aust, i skogområde	Tomt lengst aust er vidareført i planforslaget
B30 Bjørgavegen	Skogområde langt frå dyrka mark	Ikkje vidareført
B34 Haug, Storebakken	Utviding av byggefelt Bordalen	Ikkje vidareført
B37 Oppigarden, Vestbygda	Lite tomter i Bulken område	Ikkje vidareført
B38 Øygjordi, Oppheim	Oppheim lite ledige tomter	Ikkje vidareført
B39 Tjøflot	Tilrådd 2-3 strøtomte	Ikkje vidareført
B40 Bakkane, Granvin	Ligg i sentrum Granvin	Ikkje vidareført
B42 Helgeland	Myrkdalen treng bustader, ligg nær byggefelt	Ikkje vidareført
B43 Bidne,	Ligg inntil byggefelt Framnes	Justert plassering er vidareført i planforslaget
B47 Hjelle	Fortetting av tidlegare område avsett til bustad	Ikkje vidareført
B48-50 Hausneslia - Vindal	Bør vurderast følgja planen vidare	Ikkje vidareført

Andre tilrådde punkt:

- Gnr. 83 Steinleet-Notten-Mjølkeskår, viktig at arealet framleis ligg som spreidd bustad.
- B21 Rongve vil ein ikkje tilrå då det ligg innanfor kjerneområde landbruk.
- F25 Tjøflotvika skal vurderast og fylje planen vidare.
- N19 næringsareal Hausnes bør vurderast og følgja planen vidare.
- N6 Gjernes er område med både varmesentral og reinseanlegg, det bør difor opnast for også dette tiltaket.
- Retningslinjer fritidsbustader om vegar:
Det bør i regulerte felt vera opning for i ettertid å etablera vegar. I slike felt bør det og ved bygging av fritidsbustader vera opning for etablering av midlertidige vegar. Ber om at dette blir vurdert i det vidare arbeidet med planen.
- For Palmafossen lokalsenter blir den vestlege delen av Bømoen teke ut av kartet.

9. Det kan opnast for strøtomter i bygder og grender utanom lokalsentra og nærsentra, der det kan leggest til rette for veg, vatn og avlaup.

Kommentar frå rådmannen:

1. Berre to av dei politisk tilrådde bustadområda er vidareført i planforslaget som no ligg føre. Dette gjeld ei bustadtomt i Framneslia (B43 Bidne) og ei ved Ænsmoen(B8), som begge ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt. Når det gjeld dei litt større bustadområda som B34 Bordalen og B47 Hjelle, viser rådmannen til at det allereie er opna for nye tomter i desse områda ved sist kommuneplanrullering. Ingen av felta ligg innanfor sentrumsavgrensinga og gangavstand til Vangen. På grunn av topografi og trafikale høve, er det heller ikkje gode tilhøve for sykling. Rådmannen meiner difor dette er døme på bustadbygging utanfor ytre sentrumsavgrensing som ein bør vera restriktive med, om målet om berekraftig utvikling skal nås. Dette vart også peika på frå fylkesmannen si side.

For nye bustadområde i området Vindal-Hausneslia (B48-50) gjeld den same utfordringa. For å styrkja Granvin som lokalsenter bør nye husvære ligga tett på sentrumsområdet. For område B40 Bakkane er det både trafikale tilhøve og skredutfordringar som gjer at dette ikkje vert tilrådd vidareført. Stasjonsområde på Eide er under utvikling med moglegheiter for nye husvære i sentrum og i tillegg bør område ved Skielva med potensiale for 20 bustadtomter tett på sentrum utgreiast nærare, før det eventuelt vert arbeidd vidare med å finna nytt bustadareal i dette området. For dei mindre spreidde areala vert det vist til tidlegare drøfting kring moglegheit for å søkja om strøtomter ved dispensasjon.

2. Alle tidlegare avsette areal for spreidd bustadbygging er vidareført.
3. B21 Rongve er tatt ut av planforslaget i tråd med politisk tilråding.
4. F25 på Tjoflot er allereie avsett som LNF-spreidd i tidlegare plan for Ullensvang herad, og er vidareført.
5. Når det gjeld forslag om nye næringsareal er ikkje N19 Hausnes vidareført. Både fylkesmannen og Statens vegvesen hadde merknader til dette feltet. Rådmannen vil elles peike på at det er kort avstand og god veg mellom Granvin og Istad, der det er tilrettelagt for etablering av næringsverksemdar.
6. N6 på Gjernes er vidareført i avgrensa omfang. Behov for areal knytt til bioenergianlegg er ei av grunngravingane for dette. Eit anna viktig moment er behov for utbetring av den trafikale situasjonen i området. Ved etablering av nytt næringsareal er det krav om å leggja om vegen. Dette kan betra ein situasjon som i dag er utfordrande for skule, barnehage og dei mjuke trafikantane i området.
7. Når det gjeld etablering av veg i eldre hyttefelt, er dette eit spørsmål som dukkar opp frå tid til anna. I nokre tilfelle ligg tilhøva til rette for dette, og då vert det opna for moglegheiter for å gjennomføra ei reguleringsendring for å få dette på plass. Ein føresetnad for å opna for ei slik endring, er at fleirtalet av hytteeigarane er positive til å etablere veg. Rådmannen meiner retningslinjer for dette slik dei ligg føre i dag, er eit greitt utgangspunkt for ei fornuftig tilnærming til spørsmålet, og har ikkje gjort endringar. Det er viktig at det ikkje er automatikk i å opne for vegbygging i eldre hytteområde.
8. Avgrensing av Palmafossen lokalsenter er tatt til etterretning, og lokalsenteret er i ettertid ytterlegare avgrensa slik at tyngdepunktet ligg sør for riksvegen.
9. Når det gjeld moglegheiter for strøtomter, vert det vist til tidlegare omtale, og nytt punkt i føresegnene jf. pkt. 9.1.1.

Endringar etter fyrste gongs offentleg ettersyn

Under kjem ein oversikt over dei viktigaste endringane som er gjort i kommuneplanen sin arealdel, samanlikna med planforslaget som låg ute til fyrste gangs offentleg ettersyn.

Plankart:

I plankartet som no ligg føre, er berre dei tilrådde tiltaka vidareført. Liste over tilrådde tiltak ligg i tabell lenger fram i saksutgreiinga under punkt «Nye arealføremål i planen». Ved offentlig ettersyn sist, låg alle utgreidde tiltak med, både dei tilrådde og ikkje tilrådde. Ligg ved saka som *vedlegg 11*.

Bustadareal som var tilrådd (administrativt/ politisk) sist, men som ikkje er vidareført er følgjande:

- | | | |
|-----------------------------|-----------------------------|--------------------|
| • B13 Bavallsvegen | • B39 Tjoflot, Oksenhalvøya | • B47 Hjelle |
| • B21 Rongve | • B40 Bakkane, Granvin | • B48 Hausneslia 1 |
| • B30 Bjørgavegen | • B41 Mølster | • B49 Hausneslia 2 |
| • B34 Haug, Bordalen | • B42 Helgeland | • B50 Hausneslia 1 |
| • B37 Oppigarden, Vestbygda | • B44 Raaberget | |
| • B38 Øygjordi, Oppheim | • B45 Vinje | |

B46 Øvsthus-Granvin, er vidareført, men arealet er flytta aust for eksisterande bustadområde. B11 Hauge-Haugsvik er allereie avsett som nytt bustadareal ved tidlegare kommuneplanrulling. Dette er vidareført, men arealet er tatt ut som nytt tiltak.

Fritidsbustader som var tilrådde (administrativt/ politisk) sist, men som ikkje er vidareført er følgjande:

- | | | |
|------------------------|--------------------------------|-------------------------------|
| • F6 Kråka Helgaton | • F14 Rusti, Vatnaset, Granvin | • F13 Måvotno-Storlia Granvin |
| • F8 Breiset Raundalen | • F19 Hamre Granvin | • F21 Espeland 2 |

Område F23, F24 og F25 på Oksenhalvøya er areal som tidlegare er avsett i kommuneplan for Ullensvang herad. Dette er vidareført som eksisterande område. For område F9 på Kvitno, er det opna for 5 nye tomter innanfor eksisterande hytteområde.

Næringsareal som var tilrådd (administrativt/ politisk) sist, men som ikkje er vidareført er følgjande

- | | | |
|-------------------------------|------------------|----------------|
| • N11 Taklahaugen | • N15 Trohaug | • N18 Snaueggi |
| • N14 Zip line Granvin(trekt) | • N17 Jarnhaugen | • N19 Hausnes |

Her har N1 Flisram og N6 Gjernes kome til i redusert omfang. I tillegg er N8 Hetledalen tilbakeført til LNF.

Bømoen

Det er avsett ny arealbruk som var tilrådd i samband med offentlig ettersyn av områderegeringsplan for Bømoen:

- N21 næring
- FT1 fritid/turisme

Dette kjem i tillegg til areal til grusuttak og idrett som var avsett ved sist offentlig ettersyn. Bømoløypa er vidareført som eiga omsynssone.

Senterstruktur

Kjerneområda i senterstruktur er lagt inn i kommuneplankartet som sentrumsføremål eller bygningar og anlegg.

Omsynssoner m.m.

Det er lagt inn nye omsynssoner for skredfare, energianlegg, reguleringsmagasin og kulturminne. I tillegg er øvingsområde for snøscooter vist som eige omsynssone. I Hardangerfjorden er farleder vist som liner i plankartet, og det er lagt inn nytt areal for Oppheim vassverk.

Føresegner

Føresegnene ligg i eit eige dokument og er gitt ein struktur som følgjer arealføremål i plankartet. Dokumentet omfattar føresegnar som er juridisk bindande saman med plankartet, og retningslinjer som saman med planomtalen gir føringar for vidare sakshandsaming. Dei viktigaste endringane omfattar:

- føresegnar og retningslinjer knytt til bruk og vern av sjø og vassdrag (kap. 10)

- frådelling av bustader i LNF (9.1.1)
- sentrumsfremål, lokal- og nærsentra og funksjonar og bustadbygging knytt til senterstruktur (5.1, 5.2, 5.4).
- I tillegg er naust (5.10, 9.1.4, 9.2.3), småbåthamn (5.10, 10.8) og stølshus (9.1, 9.1.3, 9.2) gitt eigne føringar.

Føresegner til omsynssoner er også fylt ut (kap. 11).

Det er lagt inn eit eige kapittel med generelle krav til kvalitet, berekraft og viktige omsyn (kap.4) for nye utbyggingsareal.

Planomtale og vedlegg

Planomtalen ligg no som eit eige dokument og gir utfyllande føringar for sakshandsaming. Som vedlegg til planomtalen ligg dokument som omhandlar verdi- og konsekvensvurdering av nye tiltak. Dette dokumentet skal leggjast til grunn for vidare sakshandsaming av einskildområde, saman med føresegnene og ROS-analyse. Oppdatert ROS-analyse er under arbeid, og vil bli gjort tilgjengeleg når dokumenta vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Temakart for deponering av massar ligg vedlagt, det same gjer kart som viser differensiert forvaltning av verna vassdrag som er knytt til punkt 10.3 i føresegnene.

Som vedlegg til saka ligg også vedleggsdokumentet for verdi- og konsekvensvurdering av ny arealbruk, *vedlegg 11*, som låg føre ved fyrste gangs offentleg ettersyn. Her ligg det informasjon om alle nye tiltak som vart vurdert, både dei som vart tilrådd og dei som ikkje var det. Det nye vedleggsdokumentet med verdi- og konsekvensvurdering omhandlar berre tilrådde tiltak, *vedlegg 7*.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar vert synleggjort i økonomiplan og framtidige budsjett. Arealdelen har fokus på utvikling av regionsenteret. For å realisera ynskt vekst i sentrum, må kommunen og det offentlege bidra i felles privat og offentleg samarbeid. God og berekraftig utvikling vil over tid gi positiv og økonomisk vekst for heile kommunen. For å nå FN sine berekraftsmål, føreset det ein berekraftig økonomi.

Miljø og klimakonsekvensar:

Arealdelen prioriterer utbygging knytt til senterstrukturen. Oppfylging av arealdelen vil innebera betra miljø- og klima. Dette skal synleggjerast i både arbeidet med å fylgja opp FN sine berekraftsmål og klimaplan.

Folkehelsekonsekvensar:

Folkehelse, fokus på sosial berekraft og fleire konkrete FN berekraftsmål som handlar om helse og livskvalitet, ligg som føringar i arealdelen. Gode bumiljø, både innanfor senterområda og ute i grendene, er viktige fokusområde. Gode koplingar for effektiv og trygg transport er og viktig for god folkehelse. Oppfylging av arealdelen vil innebera betra folkehelse.

Konklusjon

Det er lagt ned eit omfattande arbeid med revisjon av ny kommuneplan for Voss herad, både samfunnsdelen og arealdelen. Det er framtidsretta og positivt at arbeidet omfattar alle dei tre områda som tidlegare utgjorde tre kommunar; Granvin, del av Ullensvang og Voss. Dette legg til rette for at ny kommuneplan vert eit godt verktøy for vidare prioritering og arealbruk i heile det nye heradet.

Rådmannen meiner at framlegget til ny arealplan som no ligg føre, vil byggja opp under Voss herad si målsetjing om eit sterkt regionsenter og levande bygder innanfor rammene av FN sine berekraftsmål.

Rådmannen tilrår at nytt forslag til kommuneplanen sin arealdel vert lagt ut på ny høyring og offentleg ettersyn.

